

20.10.2009

## Julemarknad under førebuing



Vil ha hjelp til bakinga: Trude Hjønnevåg, Randi Nybakk, Janne Hjelmeland, Sara Arnesen og Mariann Hauso med julebakst i fjer. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det stundar sakte, men sikkert mot jul i år og, og Aktivitetshusets Damevenner har byrja å førebu årets Julemarknad med tenning av julegrana.**

Julemarknaden blir i år  
arrangert fredag 4. desember og vi satsar på samme  
suksessoppskrift som åra før, med standar/salsboder i øverste  
etasje og graut i kjellaren i Helgheim, kafe i Gamleskulen  
og diverse andre standar/bodar ute rundt grana.

Det skulle heller ikkje forundra oss om  
nisse skulle dukka opp i år og.  
Vi i Aktivitetshusets Damevenner er dyktige på mykje, men  
særleg bakeføre er vi diverre ikkje..  
Difor etterlyser vi  
no nokon som kan ta på seg å baka  
potetekaker og lefser til  
oss som vi kan selgja på julemarknaden?

Alle andre som vil ha standar/salsboder, bidra med  
underhaldning eller hjelpe til med julemarknaden må no byrja  
å meldia seg til Aktivitetshusets Damevenner.

Dei kan ta kontakt med Janne (95824652), Klara (92811485)  
eller Anita (99320870)

**Aktivitetshusets Damevenner**